

Saksprotokoll 08.06.2020 - fylkesutvalet

Natalia Golis (MDG) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Det Vestnorske teateret AS. Golis gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Natalia Golis var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Natalia Golis gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 16 representantar til stades.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnerkausjon for lån som Det Vestnorske Teateret AS tek opp til nybygg, i samsvar med søknad dagsett 29. april 2020.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 70 mill. kr, med tillegg av 10 % av gjeldande hovudstol til dekning av påløpte renter og kostnader. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut år 2042.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.